

Protokoll Regionrådet Nordhordland – fredag 3. september

Møte: 3-2021
Tid: Fredag 3. september kl. 09:00 - 14:00
Stad: Region Nordhordland Helsehus, kunnskapssenter 6. etasje, møterom Nordhordland

Til stades:

Ordfører:	Øyvind Oddekalv (vara Alver), Per Lerøy (Austrheim, sak 24-26/21), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
Rådmenn:	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim, sak 24-26/21), Irene Søreide (Gulen), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Atle Fasteland (Vaksdal)
Adm:	Rune Heradstveit
Andre:	
Forfall:	Sara Sekkingstad (Alver), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy), Gjermund Hagesæter (Fedje)

Sak 24/21	<p>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</p> <p>Vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 25/21	<p>Godkjenning protokoll møte 2-2021</p> <p>Vedtak: Møteprotokoll frå møte 2-2021 vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 26/21	<p>Dialogmøte med Skys</p> <p>Direktør Målfrid Vik Sønstabø og Gudrun Einbu og Svein Dalsgård frå Skys orienterte om ulike tema. Sønstabø takka for invitasjonen..</p> <p>Presentasjon ligg vedlagt protokollen. I hovudsak var Skys innom desse sakene:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Sønstabø viste til at Regional Transportplan med underliggende «Strategi for bærekraftig mobilitet» er på høyring med frist 12. september. Her må kommunane og regionen nytta høvet til å koma med innspel. ▪ Det vil koma invitasjon til alle kommunar om å gje innspel til ruteendringsprosess. Det vil vera eigen prosess for byvekstavtalekommunane og bruk av belønningssmidlar. Innspel frå kommunane om prioriterte tiltak vert vektlagt. ▪ Skys arbeidar med forslag til ny sonemodell for buss i Vestland. ▪ Dagens kontrakt på båttruta Bergen – Frekhaug – Knarvik går ut i 2022. Det vert no arbeid med førebuingar til neste kontraktsperiode. ▪ Skys gjekk gjennom driftsinformasjon om ferjedrifta Fedje - Sævrøy, Leirvåg - Sløvåg og Duesund – Masfjordnes.

- Det er vedtak i fylkesutvalet om eit samarbeidsprosjekt med operatørselskapa for å sjå på korleis ein kan optimalisera bruk av eksisterande batteri- og ladeutstyret.
- Når det gjeld skulerutene til dei vidaregåande skulane, så skal det vera dialog mellom Skyss og kommunane, skule og opplæringsavdelinga til fylket.
- Bussskorrespondanse og planleggingsprinsippet om eitt reisenettverk. Når det gjeld bussskorrespondanse og manglar kring dette, er Skyss interessert i konkrete tilbakemeldingar. Kommunane må berre ta kontakt.

Deretter spørsmål og dialog:

- Det vert jobba med felles billettapp for heile Vestland fylke, men det er 14 soner i fylket, og ein må få på plass felles struktur før det vert billettapp i heile fylket.
- Det vart understreka frå Regionrådet at hurtigbåten Bergen-Frekhaug-Knarvik er særskild viktig for regionen og at dette produktet må vidareutviklast når det gjeld elektrifisering og lik betaling som for busstilbodet.
- Snøggbåten Bergen – til/frå Selje/Sogndal er viktig for pendlarar og andre. Regionrådet ber om at Skyss ser nærare på moglegheita til stopp i Knarvik, og at det må koma skikkeleg venterom på Vardetangen.
- Fleire tok til orde for å innføra bestillingstransport – «Hent meg» bl.a. for å unngå å køyra store tunge bussar meir eller mindre tomme rundt i distriktet. Sønstabø svara at dette er noko alle kommunar i Vestland ønskjer seg. Dette vil bli sett på, men ein må fyrst gjera ei kortare utgreiing for å finna ut korleis og kor dette kan bli best brukt. Her vil tett dialog med kommunane vera viktig.
- Per Lerøy vil at busstilbodet knytt til vidaregåande skule må bli betre, bl.a. for at elevar skal kunne bu heima. Spesielt gjeld dette Lindåshalvøya og Radøylandet. Mykje er veldig bra, det er ofte snakk om å justera småting med god dialog. T.d. må buss kunne ha vente tid på Leirvåg ferjekai framfor Fønnes, og siste buss må kunne gå seinare enn kl. 14:00 laurdag frå Bergen til Austrheim.
- Øyvind Oddekalv peika på at det er bussruter frå Knarvik til Flatøy, men ikkje til Frekhaug. Dette er eit problem, og her bør det koma ein ringbuss. Busstilbodet Knarvik – Bergen er veldig bra, men direkterutene er blitt dårlegare grunna at rutene går via Fløyfjellstunnelen. Det er svært ynskjeleg med eit stopp t.d. ved NHH eller Sandviken sjukehus. Fleire peika på at dette er viktig for heile Nordhordland. Oddekalv bad Skyss sjå på både frekvens og takst når det gjeld hurtigbåten og viste til at denne ruta ligg innanfor byvekstavtaleområdet. Det vert for dyrt å kombinera buss og båt. Sønstabø svara at ho forstår at det vert opplevd som urettferdig at Askøybåten har felles pris med buss, men ikkje hurtigbåten Bergen- Knarvik/Frekhaug. Dette vil bli sett på, men fyrst må dei få landa felles takstsone i Vestland for buss, deretter vert det sett på båtane i fylket.
- Hallvard Oppedal viste til at Gulen nyss hadde hatt eit godt dialogmøte med Skyss. Han viste til at ekspressbussane har vorte redusert veldig mykje og bad Skyss sjå nærare på det. Vidare at ferjesambandet Leirvåg-Sløvåg bør få to ferjer for å ta trafikken meir jamt, og slik at den eine kan vera reserveferje til Fedje-Sævrøy. Knarvik er regionsenter også for Gulen, og ekspressbåten burde fått eit stopp i Knarvik
- Lars Fjeldstad sa at mykje av tilbodet er veldig bra. For Osterøy har det nye sonesystemet vore veldig bra. Så er det ein spesiell situasjon med det private ferjesambandet. Det er krevjande for selskapet med den prisen Skyss betalar for reisande med buss. Her bør fylket inn og betala meir då alternativet dersom ferja forsvinn vil vera lang omveg som vil bli mykje dyrare for Skyss og dårlegare for miljøet. Kollektivdelen frå Valestrand vil gå ned. Det er lite bussalternativ til Åsane for dei som reiser over Osterøybrua, spesielt folk i Haus og Bruvik. Her må Skyss vurdere betre tilbod spesielt på pendlartidspunkta om morgon og ettermiddag. Det bør koma på plass pendlarparkering på Kvisti.

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Stian Herøy sa at Fedje sitt største problem er at ferja ikkje er stola på når det er skodde. Skodde er eit problem spesielt om morgonen og då kjem ikkje folk seg på jobb på fastlandet. Kommunen misser innbyggjarar av denne grunn. ▪ Kjetil Eikefet peika på «Hent meg» som ei viktig sak for Modalen. Denne ordninga må korrespondere med bussar frå Knarvik i helgane. ▪ Hege Eide Vik ønskte at Vaksdal ligg i same takstsone som Bergen og at det må kunne koma samordning mellom buss og «Hent meg». ▪ Karstein Totland viste til at punktleghet sikkert er viktig i Bergen der bussar kjem og går, men ute i distriktet er det viktigast at ikkje bussane går frå ferjer og folk! <p>Avslutningsvis takka både Regionrådet og Målfrid Vik Sønstabø for eit positivt møte. Sønstabø sa at dialog og forslag om forbetringar er viktig, og at kommunane må ta kontakt om dette.</p> <p>Vedtak: Regionrådet var fornøgd med at Skyss kjem og orienterar og tok orienteringa til vitande. Den enkelte kommunane må sjølv ta kontakt til Skyss, evt. senda inn forslag til konkrete forbetringar i eigen kommune.</p>
Sak 27/21	<p>Regional næringsstrategi Region Nordhordland – oppfølging av Nordhordlandsrapporten Rune Heradstveit la på vegne av arbeidsgruppa fram utkast til mandat (vedlegg).</p> <p>Vedtak: Regionrådet stiller seg bak det mandatet arbeidsgruppa legg til grunn i det vidare arbeidet med Regional næringsstrategi i Region Nordhordland.</p>
Sak 28/21	<p>Kompetanseforum Nord Kompetanseforum Nord er ein del av kompetanseforum Vestland som vart etablert som eit resultat av regional plan for kompetanse og arbeidskraft for Hordaland</p> <p>Hovudutfordringa i planen er korleis Hordalandssamfunnet (no Vestland) kan rusta seg for å handtera stadig nye krav til kompetanse i arbeidslivet på ein proaktiv måte. Planen har derfor fokus på korleis utdanningsaktørane, næringslivet og offentleg sektor kan jobba saman for å skapa betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i den regionale arbeidsmarknaden. Kompetansepolitikk er eit breitt felt og inkluderer ei rekkje aktørar. Per i dag er det mange aktivitetar og tiltak som blir sett i verk på dette området og det finst allereie fleire samhandlingsarenaer og samarbeidskonstellasjonar som fungerer. Det vert viktig å samordna dette arbeidet slik at alle trekk i same retning, og med klar ansvarsfordeling og oppfølging.</p> <p>Relevante samarbeidspartnarar i regionane er vidaregåande skular, karrieresenter, opplæringskontor, Regionråd, lokale NAV-kontor, næringshage, næringsforeiningar, studiesenter, kommunar, inkubatorar m.m. Dei ulike regionale kompetanseforuma bestemmer sjølve samansetjinga.</p> <p>Kompetanseforum nord har hatt samansetjing med representantar frå; Nordhordland næringslag, rektor frå dei 3 vidaregåande skulane (Austrheim, Knarvik og Osterøy), Regionrådet (ein ordførar + dagleg leiar), NAV-leiar, Karrieresenteret og representantar frå Framo Flatøy, Equinor og Rolls Royce. Vestland fylkeskommune deltar i møtet som observatørar.</p> <p>Kompetanseforum nord ønskjer å styrkja forumet slik at ein har med politisk leiing i kommunar / område ved alle tre vidaregåande skulane. Kompetanseforum ynskjer derfor at ordførar i Alver og Osterøy tiltrer Kompetanseforum nord. Stian Herøy er valt av Regionrådet for ein 4-års periode, og det er naturleg at han fortsett i forumet og vil då vera nærrepresentanten til Austrheim vidaregåande skule.</p>

	<p>Vedtak: Regionrådet utvidar Kompetanseforum nord med ordførar i Osterøy og Alver slik at forholdet mellom vidaregåande skule, næringsliv og kommune vert styrkja.</p>
Sak 29/21	<p>RTP 2022-2033. Førebuing høyringsuttale Høyringsfrist for RTP 2022-2033 er 12. september. Regionrådet vil gje høyringsuttale, og deltok også med innlegg på høyringsmøte i Bergen 1. september. Fleire kommunar vil i tillegg senda inn eigen høyringsuttale.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ber administrasjonen senda høyringsuttale til Vestland fylkeskommune basert på innspela Regionrådet hadde på innspelsmøtet.</p>
Sak 30/21	<p>Prosjektskjøn frå Statsforvaltaren 2022 Rune Heradstveit informerte om at Statsforvaltaren har ulyst midlar til prosjektskjøn til fornying og innovasjon for 2022. Førebels øvre ramme på kr 15,0 mill. Søknadsfristen er sett til måndag 1. november d.å.</p> <p>understrekar at dei vil prioritera å støtta samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt. Statsforvaltaren vil prioritera søknadar som utviklar tenestetilbodet, brukar ny teknologi og som få betre økonomi i drifta. Det blir ikkje gitt tilskot til ordinære driftsoppgåver, og næringsutviklingsprosjekt, då dette vil kunne overlappe med fylkeskommunen sine verkemiddel og ansvar. Interkommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen.</p> <p>Aktuelle føremål i 2022</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunale tenester til helse og omsorg ▪ Kommunale tenester til barnehage og skule ▪ Kommunal tenesteutvikling for utsette barn og unge ▪ Digital forvaltning, der samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar blir prioriterte ▪ Interkommunalt planarbeid ▪ Samfunnstryggleik og beredskap ▪ Klima- og miljøutfordringar knytte til klimaomstilling, tap av naturmangfald, eit giftfritt miljø eller endringar i havmiljøet <p>Rune Heradstveit viste til kva regionen og kommunane har fått av midlar dei siste åra, jf. vedlegg. Ut i frå dette, og av tilbakemeldingar ein har fått frå Statsforvaltaren er rådet at kommunane fyrst og fremst finn samarbeidsprosjekt mellom kommunane, og samtidig er realistisk når det gjeld søknadssum. Det er 15. mill. til utdeling og dette skal delast på 43 kommunar inkludert Bergen som gjerne får 30-40% av det totale beløp. Statsforvaltaren har dei siste åra gitt tilbakemelding om at søknadar koordinert av Region Nordhordland IKS på vegne av fleire kommunar har vore særst gode og derfor har vorte prioritert høgt. Desse prosjekta har i stor grad fått summen ein har bedt om. Heradstveit vil med bakgrunn i dette be om at kommunane melder inn aktuelle prosjekt til Region Nordhordland IKS slik at ein i dialog kan prøva å koordinera og velja riktige søknadar.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande og stiller seg bak at ein prøver å finna områda ein kan søkja felles om.</p>
Sak 31/21	<p>Diverse orienteringssaker frå administrasjonen Rune Heradstveit orienterte kort om desse sakene:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ekspertutvalet som er sett ned i samband med U-864 kjem til Fedje 7. september. Regionrådet er invitert av Stian Herøy til dette møtet.

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset» kom i går på offentlig høyring. Heradstveit føreslo å setja ned ei gruppe som heldt trykket oppe på denne saka, både vedr. høyring, men også med tanke på vidare NTP-prosess. Denne gruppa bør fylgja opp framdrifta og å ha rutinemessige møte med Bergen kommune og Statens vegvesen ▪ Invitasjon frå KS om møte 6. oktober: «Regionråd - roller og samvirke i Vestland» https://www.ks.no/regioner/ks-vest-norge/kalender/vestland-regionsamarbeid/ ▪ Kommunane Alver og Austrheim vert i dag tildelt den nasjonale jordvernprisen 2021. Dette er eit resultat av arbeidet med Jordmasseprosjektet som Region Nordhordland IKS hadde ansvaret for, og der det praktiske arbeidet som del av dette skjedde i Austrheim og Alver. Landbruksministeren er til stede og delar ut prisen. <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringane til vitande.</p> <p>Regionrådet ønskjer å setja ned ei E39-gruppe som følgjer opp prosjektet E39 Vågsbotn – Klauvaneset. Det er naturleg å ta utgangspunkt i dei som allereie er med i Kontaktutvalet for E39 som fylket har, og personar som har jobba med dette frå regionen dei siste åra. Regionrådet set ned ei E39-gruppe bestående av Regionrådsleiar Karstein Totland, nestleiar i Regionrådet Sara Sekkingstad, varaordførar Alver kommune Øyvind Oddekalv, dagleg leiar i Nordhordland Næringslag Baste Tveito, dagleg leiar Region Nordhordland IKS Rune Heradstveit.</p>
Sak 32/21	<p>Eventuelt Ingen saker.</p>

Knarvik, 3. september 2021

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

Sak 26/21: Orientering frå Skyss

Sak 27/21: Mandat Regional næringsstrategi Region Nordhordland